

## Referat, møte i FAU ved Hafslo barne- og ungdomskule, torsdag 06.02.2025

Til stades: Anne Grethe Sønstehagen, Eirik Hoem, Tonje Været, Lars Olav Halleråker, Ine Jeanett Skjerven, Anne Grethe Lomheim, Janne Kjølraug Grønbech, Linda M. Hagelin, Bjarni Valsson, Benedikte Fløtra Grøteig  
Rektor: Hilde Selland

### SAKSLISTE

22-2024/25	<b>Godkjenning av referat frå sist møte (14.11.2024)</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>- Godkjent utan innvending</li></ul>
23-2024/25	<b>Skriv, meldingar og diverse info</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>- status saker frå sist FAU-møte</li><li>- status julefesten</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>- <i>Fleirbrukshallen ligg inne i 10 års plan.</i></li><li>- <i>FAU har hatt innspel til områdeplan</i></li><li>- <i>Ny nettside skal lanserast 7.2-25. Dette er blant annet viktig for referatføring frå FAU</i></li><li>- <i>Julefesten var gjennomført på ein fin måte i 1-4 klasse.</i></li></ul>
24-2024/25	<b>Diverse innkomne innspel til FAU</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>- skjermbruk, skjermfri lunsj, kosthald på SFO, m.m</li><li>- parkeringssituasjonen (fleire innspel)</li><li>- sykkelparkering under tak</li><li>- MOT-programmet</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>- <i>FAU drøfta tematikken rundt skjermbruk og kosthald. Det er få innspel, men konkret så har det vore reagert meir på mengd enn innhald. FAU er nøgd med skulen sine tiltak, og vil sjå på desse mellom anna opp mot kunnskapsdepartementet sine forslag/føringar. Anne Grete, Ine og Benedikte jobbar med dette til neste møte.</i></li><li>- <i>Skulen fortsett å ha fokus på kosthald på SFO, og ser på «Matjungelen»</i></li><li>- <i>Parkeringssituasjonen. FAU har ikkje forslag til løysing, men poengterer at det er forskjell på praksis på morgon og ettermiddag, der droppsona fungerer litt meir som ei parkering på ettermiddagen.</i></li><li>- <i>FAU fortsett med trafikktryggingssdag. FAU høyrer med kommunen om kva som er grunnen til at ikkje gåsonene på parkeringsplassen kan eleverast. FAU og skule bør fortsette å minne alle på korleis det parkeringsplassen skal nyttast.</i></li><li>- <i>FAU skal sjå på moglegheit til å søke midlar for å få til sykkelparkering under tak. Lars Olav og Tonje følger opp dette.</i></li><li>- <i>Innføring av MOT-programmet vart drøfta, skulen tar dette til vurdering.</i></li></ul>
25-2024/25	<b>Gratisprinsippet og dugnadsarbeid</b>
	v. rektor
	<ul style="list-style-type: none"><li>- <i>Skulen tar opp turen til Bergen, målet med denne, og korleis denne vert finansiert.</i></li><li>- <i>Det er og ein kostnad til nyttårsballet, der skulen gjer seg tankar rundt finansiering av denne.</i></li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bergensturen er kostbar og krever mykje dugnad. Det har vore ein fin tur, men kull som ikkje har vore til Bergen har og hatt fin avslutning.</li> <li>- Skulen har ulike forslag til lokale alternativ, gjerne knytt opp mot kompetansemål.</li> <li>- FAU stiller seg bak skulen sitt ynskje om å arrangere noko lokalt.</li> </ul>
26-2024/25	<b>Skjermbruk</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rettleiar for skjermbruk? (ref Vassenden skule)</li> <li>- Diverse oppfølging</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- FAU ser denne opp mot sak 24, og vurderer om dette er noko vi kan utarbeide, eventuelt nytte.</li> </ul>
27-2024/25	<b>«Handbok for foreldrerepresentantar» og «FAU hbus forventningar til skule heim samarbeidet»</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Status for revidering, (sjå også referat møte 14.11.24)</li> <li>- FAU tar ein gjennomgang av denne, reviderer og legg ut i løpet av juni. Benedicte, Bjarni og Eirik ser på dette.</li> </ul>
28-2024/25	<b>Elevundersøking 2024</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Info v. rektor</li> <li>- Hilde informerte om resultat for heile Luster, og kom med anbefalingar for vidare jobbing for FAU og skule.</li> <li>- Heile undersøkelsen ligg på: <a href="https://udir.no/Elevundersøkelsen-resultater">Elevundersøkelsen – resultater   udir.no</a> <a href="https://udir.no/Elevundersøkelsen-resultater-på-alle-spørsmål-for-skoler-på-5-10-trinn-sortert-etter-tema-udir-no">Elevundersøkelsen – resultater på alle spørsmål for skoler på 5.–10. trinn, sortert etter tema   udir.no</a></li> </ul>
29-2024/25	<b>Fast sak - status på foreldrenettverksmøter og sosialkvelder</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innspel til innhald på foreldrenettverksmøta?</li> <li>- Det vert stort sett gjennomført nettverksmøte og sosialkveld av ulik grad. Dei få klassene det ikkje er gjennomført i blir det oppmoda frå FAU om at dette vert gjort.</li> </ul>
30-2024/25	<b>Trafikkampanje m.m</b>
	<p>Planlegge aktivitet og ansvarlege i FAU. (ref. møter 10.09.2024 og 14.11.24)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruken er rapportert inn, og det er løyvd midlar til dette. FAU ser på ulike måtar å nytte desse midlane. Tonje og Lars Olav følger opp dette.</li> </ul>
Ymse	<ul style="list-style-type: none"> <li>- FAU har ikkje innvending til at elevar ved arbeidslivs faget har sal av mat i kantina. Det er ynskjeleg at innhaldet er litt forutsigbart, slik at det går an å nytte seg av dette til lunsj. (Altså om det er pizza eller brownie).</li> </ul>

Referent Lars Olav